



HAREID KOMMUNE



HAREID KOMMUNE SI ROLLE SOM BARNEHAGEMYNDE

2025

Innhald

Innleiing.....	3
Aktørane på barnehageområdet.....	3
Kunnskapsdepartementet.....	3
Utdanningsdirektoratet	3
Statsforvaltarane	3
Kommunen.....	3
Forholdet mellom barnehagemyndighet og barnehageeigar.....	4
Barnehagemyndigkeit sine verkemidlar.....	4
Rettleiing	5
Tilsyn.....	5
Godkjenning	6
Kvalitetsarbeid og internkontroll.....	6
Internkontroll og risikovurdering.....	9
Barnehagemyndigheitas ansvar og oppgaver.....	10
Rett til barnehageplass.....	10
Samordnet opptaksprosess.....	10
Prioritet ved opptak	10
Offentlig tilskudd til private barnehagar.....	11
Foreldrebetaling	11
Spesialpedagogisk hjelp.....	11
Kontantstøtteregistering	11
Barnehagetilbud til samiske barn.....	11
Vedlegg: Oversikt over barnehagelova, ansvar og roller.....	12

Innleiing

Barnehagen skal ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Målet er ein trygg barnehage der barna kan leike og lære. Barnehagelova stiller krav til barnehageeigarar for å sikre at alle barnehagebarna får minimum det same tilbodet. Formålsføresegna for barnehagen gir saman med innhaldsføresegna nærmere reglar for kva eit barnehagetilbod skal innehalde.

Kommunen er lokal barnehagemyndigkeit og skal sjå til at barnehagane blir drivne i samsvar med regelverket. Barnehagelova gjeld for alle barnehageeigararar, både eigarar av kommunale og private barnehagar.

Dette dokumentet inneholder Hareid kommune sin overordna plan for myndigheitsoppgåver knytte til barnehagane i kommunen. Dokumentet er meint som eit arbeidsverktøy innanfor kommunen sitt barnehageområde, samstundes som det skal synleggjere for omgjevnadene korleis myndigheitsansvaret blir ivaretakne. Vi ser openheit om alle sider av denne verksemda som viktig, særleg med tanke på kommunen si dobbeltrolle som eigar og barnehagemyndigkeit.

Gjeldande regelverk for barnehageområdet er primært nedfelt i Lov om barnehagar med forskrifter, Lov om behandlingsmåten i forvaltingssaker, samt regelverk om miljøretta helsevern i barnehagar. Anna bakgrunnsmateriale er Utdanningsdirektoratets rettleiar *Kommunens rolle som barnehagemyndigkeit*, Kunnskapsdepartementets rettleiar *Tilsyn med barnehagar*, Kunnskapsdepartementets rettleiar *Godkjenning av barnehagar*, og Utdanningsdirektoratets *Metodehandbok for tilsyn*.

Aktørane på barnehageområdet

Kunnskapsdepartementet er øvste forvalningsorgan i barnehagesektoren. Departementet har ansvar for å iverksette Stortingets budsjett- og lovvedtak og fastset forskrifter knytte til barnehagelova.

Utdanningsdirektoratet er delegert ei rekke forvaltnings- og utviklingsoppgåver på barnehageområdet, samt tolking av regelverket på nasjonalt nivå.

Statsforvaltarane iverksett barnehagepolitikken i det enkelte fylket gjennom forvaltning av statlege tilskot, oppgåver etter barnehagelova og rettleiing av kommunar. Statsforvaltaren koordinerer og initierer utviklingsarbeid i kommunar og barnehagar. Vidare er Statsforvaltaren klageinstans for ei rekke vedtak fatta av kommunen som barnehagemyndigkeit. Statsforvaltaren fører òg tilsyn med kommunen si ivaretaking av rolla som barnehagemyndigkeit og kan føre tilsyn med barnehagar ved særskilde tilfelle.

Kommunen er lokal barnehagemyndigkeit og skal gi rettleiing og påsjå at alle barnehagane, både kommunale og private, driv i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunen skal

likebehandle private og kommunale barnehagar når den utfører oppgåve som barnehagemyndigkeit. Krav til avhengigheit skal bidra til å sikre likebehandling og ivareta tilliten til kommunen si partiskheit som barnehagemyndigkeit.

Barnehageeigar har ansvar for å sikre at barnehagebarna mottek eit godt tilbod i den enkelte barnehage, enten barnehageeigar er kommunal eller privat. Barnehagelova gir regler for kva eit barnehagetilbod skal innehalde, og stiller krav til kvaliteten i det pedagogiske tilbodet.

Samarbeidsutvalet i barnehagen fastsett årsplan som sikrar at foreldre og tilsette kan medverke i utforminga av det pedagogiske innhaldet.

Forholdet mellom barnehagemyndigkeit og barnehageeigar.

Forholdet mellom kommunen som barnehagemyndigkeit og kommunen som barnehageeigar regulerast gjennom forvaltningslova og barnehagelova. Forvaltningslova gir reglar for saksbehandling, barnehagelova ligg til grunn for kommunen si utøving av myndigkeit og oppgåvefordelinga mellom myndigkeit og eigar.

Formålet med å skilje kommunen sine oppgåver som barnehageeigar og barnehagemyndigkeit er å bidra til å sikre at alle barn har eit godt og likeverdige barnehagetilbod, uavhengig av om barna har plass i ein privat eller ein kommunal barnehage.

Kommunen skal organisere oppgåvene den har som barnehagemyndigkeit adskilt frå oppgåvene kommunen har som barnehageeigar, når dette er eigna til å ivareta tilliten til kommunen sin partiskheet som barnehagemyndigkeit. Kommunen sine oppgåvefordeling må komme fram av delegasjonsreglementet.

Barnehagemyndigkeit sine verkemidlar

Kommunen har som lokal barnehagemyndigkeit ansvar for å påsjå at alle barnehagane i kommunen, både kommunale og private, følger gjeldande regelverk. Alle barnehagar skal vere godkjent før verksemda settast i gang. Kommunen skal følge med på at verksemda driv innanfor rammene av godkjenninga, at barnehagen sine vedtekter ikkje er i strid med lova og at innhaldet er i samsvar med lov og rammeplan.

Barnehagemyndigheita må som eit forvaltningsorgan følge forvaltningslova sine bestemelsar og dei ulovfesta forvaltningsrettslege prinsippa. For å løyse oppgåvene gis kommunen rett til innsyn i dokumenter og tilgang til barnehagane i kommunen i den utstrekning som er nødvendig for å ivareta kommune sine oppgåver.

Kommunen har tre verkemidlar som barnehagemyndigkeit:

- Rettleiing
- Tilsyn
- Godkjenning

Barnehagelova markerar at tilsyn og rettleiing er to ulike oppgåver. Risikovurdering skal ligge til grunn for barnehagemyndigheitas val av verkemiddel, og det forutsette dermed at barnehagemyndigheita har kunnskap om regelverket og kommunen sine barnehagar.

Rettleiing

Barnehagelova gir barnehagemyndigheita ansvar for å drive proaktiv rettleiing for å kunne oppnå gode barnehagar og sikre effektiv etablering og drift. Av departementets merknader til barnehagelova §10 kjem det fram at rettleiing er eit verkemiddel for å forebygge uforsvarlegheit og lovbrot i sektoren. Det inneber å gå tidleg inn på einingane, eller mot heile sektoren, for å hjelpe barnehagane til å følge regelverket og førebygge utvikling av praksis som kan føre til uforsvarlege eller ulovlege forhold. Rettleiing kan gi gode resultat og opplevast som nyttig, både for dei einingane som mottek rettleiing og for barnehagemyndigheita.

I Hareid kommune blir rettleiing gitt gjennom jamleg kontakt mellom barnehagane og myndighet. Kontakten er både planlagt som regelmessige fellesaktivitetar på bakgrunn av funn gjennom risikovurdering, og spontant i henhold til individuelle behov. Rettleiing gis også i forkant av planlagde tilsyn barnehagemyndigheita har med barnehagane.

Aktuelle områder for rettleiing avdekkast i samarbeid med barnehagane gjennom risikovurderingar i henhold til barnehagelova sine krav. I dei tilfella barnehagemyndigheia har valt å bruke rettleiing som verkemiddel, og dette ikkje fører til regeletterleving, er det nødvendig å bruke tilsyn som verkemiddel. Det er imidlertid ikkje ein forutsetning for tilsyn at barnehagemyndigheita først har prøvd rettleiing.

Tilsyn

Tilsyn er utøvinga av offentleg myndigkeit, og inneber å undersøke praksis i kommunen sine barnehagar. Målet for tilsynet er at barnehagen etablera ein praksis i samsvar med lovverket. Hensikta er at barna får eit godt barnehagetilbod, og at foreldre opplever tryggheit i forbindelse med barna sitt opphold i barnehagen. Tilsynet skal vurdere om drifta er lovleg og forsvarleg. I tillegg til å kontrollere om lovverket blir følgt, ligg det også i tilsynsansvaret å foreta faglege vurderingar og å gi rettleiing. På enkelte områder gir lova detaljerte føringar, mens det på andre områder er ope for skjønn.

I tilsynsoppgåva ligg det at det skal utøvast kontroll med at barnehagane følger gjeldande regelverk, og at det gis reaksjonar når krav ikkje blir oppfylt. Barnehagemyndigheita kan gi pålegg om retting av ulovlege eller uforsvarlege forhold ved godkjente eller godkjenningspliktige verksemder. Vedtak om å gi pålegg om retting av uforsvarlege forhold skal fungere som ei sikkerheit, og kan også fange opp forhold som ikkje er direkte regulert av barnehagelova. Om nødvendig kan tilsynet stenge verksemda, midlertidig eller varig. Barnehagens eigar kan påklage vedtaket til Statsforvaltaren.

Det kan ikkje føres tilsyn med alle forhold til ei kvar tid, det gjennomførast etter ein plan som strekker seg over en gitt periode. Omfanget av tilsynet kan variere, og ulike tema kan i periodar

få auka fokus. Tilsynet kan vere både varsla eller ikkje varsla. Ved behov blir det avtalt felles tilsyn med andre myndigheter som fører tilsyn med barnehagar.

Godkjenning

Det er kommunen som barnehagemyndigkeit som sitt med hovudansvaret for at det etablerast barnehagar som oppfyller krava i regelverket og som sikrar barna eit likeverdig pedagogisk tilbod.

Barnehagar skal godkjennast av kommunen før verksemda kan settast i gang. Kommunen skal allereie i etableringsfasen sjå til at barnehagelova sine krav vil bli fulgt, og at det leggast opp til ei forsvarleg verksemde.

Kommunen har plikt til å behandle og avgjere alle søknadar om godkjenning som ein mottek. Kommunen har plikt til å gi søker objektive opplysningar om barnehagedekninga og eventuelle planar om utbygging av nye barnehageplassar. Rett til godkjenning etter barnehagelova inneber ikkje ein automatisk rett til finansiering til private barnehagar.

Allereie godkjente barnehagar som gjer endringar av eit visst omfang, må søke om ny godkjenning. Barnehagemyndigheita skal behandle søknader frå private og kommunale barnehageeigarar og må sørge for å oppfylle reglar om habilitet og likebehandling.

Reglar for godkjenning av barnehagar omfattar:

- Slutningar i barnehagelova som gjelder godkjenning av barnehagar
- Slutningar i barnehagelova som gjelder kommunalt tilskot til private barnehagar
- Forvaltningslova sine slutningar
- Andre offentlege instansars myndigheitsoppgåver i forbindelse med oppstart av nye barnehagar:
- Plan- og bygningsloven § 21-10 jf. §§ 23-3 og 24-1. Ansvarleg myndigkeit er kommunen.
- Forskrift om miljørettet helsevern i barnehage og skole § 6. Ansvarleg myndigkeit er kommunen.
- Arbeidsmiljøloven § 18-9. Ansvarleg myndigkeit er Arbeidstilsynet.
- Regelverket om registrering eller godkjenning av ny næringsmiddelverksemde, jf. matlova. Ansvarleg myndigkeit er Mattilsynet.

Kvalitarbeid og internkontroll

Rammeplan for barnehagar stiller krav både til personalet i barnehagen, og kommunen som eigar og myndigkeit. Planen understrekar barnehagens særeigenheit som pedagogisk verksemde og framhevar betydninga av personalets kunnskapar og ferdigheter.

Kunnskapsdepartementet ønsker gjennom sine føringar at kommunen skal sikre ein heilheit i barnehagetilbodet. Utviklings- og opplæringstiltaka som kommunen iverksette skal inkludere både private og kommunale barnehagar.

Kunnskapsdepartementet legger føringer for kva områder som skal prioriterast, og har en gjenomgåande målsetting om å gi alle barn like moglegheiter for et godt barnehagetilbod – uavhengig av kor dei bor, og kva barnehage dei går i.



God kvalitet krev eit langsiktig, kontinuerleg og systematisk pedagogisk arbeid.

For å oppnå måla er det nødvendig at alle aktørar på barnehageområdet støtter opp om barnehagane sitt arbeid.

Leiarmøte, styremøte, personalmøte og ulike samarbeidsarenaer er eksemplar på møtepunkt der tema som omhandler barnehageområdet blir drøfta og satt på dagsorden.

Barnehageeigar og den enkelte styrer har ansvar for at det arbeider i tråd med nasjonale og lokale føringer.

Ansvarsfordeling slik den er skissert i Kunnskapsdepartementet strategiplan:

Barnehagen si leiing	Barnehageeigar	Kommunen som barnehagemyndigkeit	Statsforvaltaren
<p>Styrar leiar og følger opp barnehagen sine endring og utviklingsarbeid for kompetanseutvikling</p> <p>Styrar motivera, inspirera og legg til rette for kompetanseutvikling hjå personalet</p> <p>Barnehagelæraren er den profesjonen som er utdanna spesielt for å ivareta barnehagen sine oppgåver, og har dermed ei viktig rettleatingsrolle i kraft av sin kompetanse.</p> <p>Pedagogisk leiar, leiar refleksjons- og utviklingsarbeidet i barnehagen i samarbeid med styrar.</p>	<p>Har ansvar for tilbodet i den enkelte barnehage, enten barnehageeigar er kommune eller privat.</p> <p>Samarbeidsutvalet i barnehagen fastsette årsplan som sikrar at foreldre og tilsette kan medverke i utforminga av det pedagogiske innhaldet.</p> <p>Barnehageeigar har ansvar for å tilsette tilstrekkeleg og kompetent personale.</p> <p>Sørger for at personalet har riktig og nødvendig kompetanse</p> <p>Kartlegge kompetansebehovet og søker midlar til barnehagebasert kompetanseutvikling, slik at ein legg til rette for nødvendig opplæring og kompetanseheving.</p>	<p>Er lokal barnehagemyndigkeit og har ansvar for godkjenning av og tilsyn med barnehagene i kommunen, både private og kommunale. Tilsynet inneber også eit aktivt rettleatingsansvar.</p> <p>Alle barnehagar skal vere godkjent før verksamda settast i gang.</p> <p>Kommunen skal følge med på at verksamda drives innanfor rammene av godkjenninga, at barnehagens vedtekter ikkje er i strid med lova og at innhaldet er i samsvar med lov og rammeplan.</p> <p>Det er kommunen som skal sørge for at alle godkjente barnehagar i kommunen mottar offentleg tilskot på ein samla sett likeverdig måte.</p> <p>Tildeler kompetansemidlar for å ivareta kompetansebehovet i kommunale og private barnehagar</p> <p>Deltar i regionale kompetansenettverk om utvikling og gjennomføring av kompetanseutviklingstiltak</p>	<p>Iverksette barnehagepolitikken i det enkelte fylke gjennom forvaltning av statlege tilskot, oppgåver etter barnehagelova og rettleiing av kommunar.</p> <p>Statsforvaltaren koordinerer og initierer utviklingsarbeid i kommunar og barnehagar.</p> <p>Statsforvaltaren fører også tilsyn med kommunens ivaretaking av rolla som barnehagemyndighet, og kan føre tilsyn med enkeltbarnehagar ved særlege tilfelle.</p>

Internkontroll og risikovurdering

Styrer i den enkelte barnehage har ansvar for at det blir arbeidd i tråd med sentrale lovar, forskrifter, fastsette internkontrollkrav, retningslinjer, samt lokale vedtak.

Barnehagemyndigheita har utarbeid nødvendige planar og prosedyrar i henhold til barnehagelovas krav til aktivitetar innanfor barnehagemyndigheita sitt ansvarsområdet.

Risikovurdering skal ligge til grunn for barnehagemyndigheita sine val av verkemiddel for å avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik. Barnehagemyndigheita må ha kunnskap om regelverket og barnehagane i kommunen når det skal vurderast risiko for brot på regelverket.

Risikovurdering er løypande vurdering av sannsynligheita for og konsekvensane av brot på barnehageeigar sine plikter i barnehagelova med forskrifter, både på bakgrunn av informasjon om regelverksetterleiving i den enkelte barnehage og samla for alle barnehagane.

Risikovurderingar består av ei beskriving av kva som skal risikovurderast, kva uønska hendingar som kan skje, ei vurdering av kor sannsynleg det er at disse hendelsene inntreffe og kva negative konsekvensar det kan få viss hendelsene inntreffe (risiko = sannsynlegheit x konsekvens). Uønska situasjon er at lovkrav ikkje er oppfylt.

På bakgrunn av informasjon om regelverksetterlevelse, må barnehagemyndigheita vurdere behovet for rettleiing og tilsyn. Val av tema og barnehage skal i stortest mogleg utstrekning baserer på eksisterande informasjon, vurdering av fleire kjelder, og å sjå disse i samanheng.

Eksempel risikodiagram: Liv og helse, akseptert risiko – lav.

Konsekvens Sannsynlighet/ Frekvens	1: Ikke alvorlig	2: Mindre alvorlig	3: Alvorlig	4: Svært alvorlig	5: Dødsfall, og eller svært alvorlig skade. Katastrofalt.
5: Svært sannsynlig					
4: Ganske sannsynlig					
3: Sannsynlig					
2: Lite sannsynlig					
1: Svært lite sannsynlig					

Toleranse for risiko	Resultat lav risiko	Resultat middels risiko	Resultat høy risiko
Liv og helse: Akseptert risiko: Lav	1-2	3-9	10-25

Grønn: Akseptabel/liten risiko. Gul: Middels risiko, tiltak må vurderes. Rød: Høy risiko, tiltak skal iverksettes.

Kjelde til informasjon om sannsynligheten for lovbrudd kan være:

- Rettslege dokumenter, lovforarbeid, rettleiar
- Stortingsmeldingar og politiske utredningar
- Strategi- og handlingsplanar og andre relevante signaler frå politisk hold
- Nasjonale satsingar
- Forskingsresultatet
- Opplysningar frå andre tilsynsmyndigheiter
- Årsmelding (nasjonal rapporteringsportal)
- Vigilo (kommunens fagprogram for barnehageopptak)
- Resultatregnskap
- Vedtekter
- Lokale planer og relevante dokumenter
- Brukarundersøkingar
- Meldingar frå foreldre eller andre
- Klagesaker
- Erfaringar frå tidlegare tilsyn
- Ulike møtepunkt som leiarmøte, fagmøte og samlingar i kommunen
- Barnehagebesøk

Barnehagemyndigheitas ansvar og oppgåver

Kommunen har også plikter og oppgåver på barnehageområdet som ikkje er direkte knytt til barnehagens innhald og kvaliteten på barnehagetilbodet.

Rett til barnehageplass

Kommunen har ansvar for å ha et tilstrekkeleg tal på barnehageplassar, for å oppfylle retten til barnehageplass for barna som er busett i kommunen. Kor barnehagane skal ligge og Kva slags barnehagar kommunen skal ha, må kommunen tilpasse til lokale forhold og behov. Kommunen setter søknadsfrist for hovedopptak, og skal ha en forsvarleg og effektiv saksbehandling ved tildeling av barnehageplassar.

Samordna opptaksprosess

Alle godkjente barnehagar i kommunen skal samarbeide om opptak av barn. Kommunen skal legge til rette for en samordna opptaksprosess, der det tas hensyn til barnehagens mangfold og eigenart. Brukaranes ynskjer og behov skal til leggast stor vekt. Likebehandling av barn, og likebehandling av kommunale og private barnehagar skal sikrast.

Prioritet ved opptak

Barn med nedsett funksjonsevne og barn med barnevernsvedtak har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Kommunen har ansvar for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage, og at barnehagane følger vedtektsfeste opptaksriterier ved opptak av barn.

Offentleg tilskot til private barnehagar

Statens barnehagetilskott er innlemma i rammetilskotet til kommunen. Kommunen skal bergene og utbetale tilskot til private barnehagar. Satsane for driftstilskotet fastsette med utgangspunkt i kostnader per barnehageplass i de kommunale barnehagane, kapitaltilskotet er avhengig av barnehagebyggets alder.

Foreldrebetaling

Kommunen har ansvar for at foreldrebetalinga ikkje settast høgare enn maksimalgrensen for opphaldbetaling fastsett av stortinget, og at deltidsplassar settast lågare enn ein heltidspllass.

Kommunen skal tilby moderasjonsordningar i foreldrebetalinga til foreldre med fleire barn i barnehage, og til foreldre med lav inntekt. Kommunen skal behandle søknadar, og dekke barnehagen sine reduserte inntekter.

Spesialpedagogisk hjelp

Kommunen skal oppfylle retten til spesialpedagogisk hjelp til barn busett i kommunen. Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit egna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Kommunen har plikt til å utforme tilbodet i samarbeide med foreldra.

Kontantstøtteregistering

Kommunen skal opprette og føre register til bruk for arbeids- og velferdsetaten i forbindelse med føring med kontroll av berekning og utbetaling av kontantstøtte etter kontantstøtteloven.

Barnehagetilbod til samiske barn

Kommunen har ansvar for at det blir lagt til rette for at samiske barn busett i kommunen kan utvikle sitt språk og kultur

Vedlegg:

- Oversikt over barnehagelova, ansvar og roller

Vedlegg:

Oversikt over barnehagelova, ansvar og roller

Lovparagraf	Innhald	Kommuna si rolle som barnehagemyndighet	Kommuna si rolle som barnehageeigar/private barnehagar	Statsforvaltaren sine ansvar og oppgåver	Utdaningsdirektoratet sine ansvar og oppgåver
§1	Barnehagens formål	X	X		
§1a	Særlige formål	X	X		
§2	Barnehagens innhold	X	X		
§2a	Barnehagens plikt til å samarbeide med skolen om overgangen fra barnehage til skole	X	X		
§2b	Samarbeid og samordning	X	X		
§3	Barns rett til medvirkning og hensynet til barnets beste	X	X		
§4	Foreldreråd og samarbeidsutvalg	X	X		
§5	Felles samarbeidsutvalg for barnehage og skole	X	X		
§6	Verksemdas plikt til å søke godkjenning		X		
§7	Barnehageeierens ansvar	X	X		
§7a	Barnehagens organisering	X	X		
§7b	Krav til samlet barnehageanlegg	X	X		
§8	Krav til vedtekter	X	X		
§9	Internkontroll i barnehagen	X	X		
§10	Barnehagemyndigheitas ansvar	X		X	
§11	Krav til likebehandling og uavhengighet	X			
§12	Særlige regler om klageinstans			X	
§13	Statlig råd og rettleiing			X	X
§14	Godkjenning	X			
§15	Familiebarnehagar	X			
§16	Rett til plass i barnehage	X			
§17	Samordnet opptaksprosess i kommunen	X	X		
§18	Prioritet ved opptak	X	X		

§19	Kommunalt tilskudd til godkjente private barnehagar	X			
§20	Foreldrebetaling	X	X		
§21	Virkeområde og formål		X		X
§22	Definisjoner		X		X
§23	Krav til bruk av offentlige tilskudd og foreldrebetaling i private barnehagar	(X)	X		X
§23a	Forbud mot annen virksomhet	X	X		
§23b	Låneopptak i private barnehagar	X	X		
§23c	Meldeplikt for private barnehagar	X	X		
§24	Styrer	X	X		
§25	Pedagogisk bemanning	X	X		
§26	Grunnbemanning	X	X		
§27	Krav om norskferdigheter for å bli ansatt i barnehage	X	X		
§28	Krav om norskferdigheter for personer med utenlandske yrkeskvalifikasjoner som styrer eller pedagogisk leder	X	X		
§29	Forbud mot bruk av klesplagg som helt eller delvis dekker ansiktet	X	X		
§30	Politiattest	X	X		
§31	Rett til spesialpedagogisk hjelp	X	X		
§32	Samarbeid med barnets foreldre	X	X		
§33	Pedagogisk-psykologisk tjeneste	X			
§34	Sakkyndig vurdering	X			
§35	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	X			
§36	Rett til skyss for barn med rett til spesialpedagogisk hjelp	X			
§37	Barn med nedsatt funksjonsevne	X	X		
§38	Rett til tegnspråkopplæring	X	X		
§39	Barn med behov for alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK)	X	X		
§40	Oppfyllelse av enkeltvedtak som er kjent ugyldig	X			
§41	Nulltoleranse og forebyggende arbeid	X	X		
§42	Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)	X	X		

§43	Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn	X	X		
§44	Taushetsplikt	X	X		
§45	Opplysninger til den kommunale helse- og omsorgstjenesten og sosialtjenesten	X	X		
§46	Opplysningsplikt til barnevernet	X	X		
§47	Innhenting av opplysninger fra Folkeregisteret	X			
§47a	Kommuner, fylkeskommuner og private barnehagars behandling av personopplysninger	X	X		
§48	Plikt til å gi opplysninger om tjenestedata og regnskaps-data		X		X
§49	Plikt til å gi opplysninger til barnets bostedskommune		X		
§50	Helsekontroll av barn og personale	X	X		
§51	Øvingsopplæring	X	X		
§52	Lovens anvendelse på Svalbard				
§53	Kommunens tilsyn med barnehagane	X		X	
§54	Statsforvalterens tilsyn med kommunen og fylkeskommunen			X	
§55	Statsforvalterens tilsyn med barnehagane			X	
§56	Utdanningsdirektoratets tilsyn med økonomiske forhold i private barnehagar				X
§57	Ikrafttredelse. Endringer i andre lover				X